


Fra: Lars Ottar Sagstad <lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no>
Sendt: fredag 4. november 2022 11:57
Til: kontor@hamm-kam.no
Kopi: ole_fanebust@hotmail.com
Emne: SV: Tilbakemelding på referat frå førehandskonferanse, gbnr: 423/15

Hei
Viser til henvendelse per mail.

Det er riktig at det er 1 stk grunneigedom/bustad igjen i LNF-SBE. Bustad som vart ført opp i LNF er feiltolka som ny bustad.

Byggegrense til sjø er ikkje inntatt i kommuneplanens arealdel for LNF-SBE sine føremålsgrenser, det vi sei at det er 100meter-belte til sjø som gjeld. Eg har markert 100meter fra sjø med blå strek i kart. Dette må det søkjast dispensasjon fra i ein eventuell søknad.

Avstand til driftsbygning er 50 meter og er vist med raud strek i kartet. Dette må det søkjast om dispensasjon fra i ein eventuell søknad.



Viser til Pkt 3.4. i Kommuneplan for
Radøy

Det kan innafør føremålet opprettast ny grunneigedom for heilårsbustader på følgjande vilkår:

1. Prinsippet om fortetting skal leggjast til grunn ved oppreting av ny grunneigedom i LNF-5 eigedomar så langt rå skal grense opp til eksisterande bustadeigedomar og ikkje føre til oppstykki landbruksareal.
2. Det skal ikkje opprettast ny grunneigedom på dyrka mark, dyrkbar mark eller på innmark.
3. Det skal ikkje opprettast ny grunneigedom nærmare eksisterande driftsbygning enn 50 m
4. Eksisterande infrastruktur skal som hovudregel nyttast. Tilkomstveg skal ikkje gå igjennom landbrukseigedom, og kan ikkje gå over dyrka mark, dyrkbar mark eller innmarksbeite.

Det var i søknad om førehandskonferanse ikkje tydeliggjort eksakt kvar ein tomt eller bustad skulle plasserast, og under samtale per telefon med tiltakshavar har nok ikkje alle punkta kome tydeleg fram.

Sjølv om førehandskonferanse er avholdt og faktura er sendt ut, er det ikkje slik at alle spørsmål rundt saka er avklart.

Vi kan fortsatt kontaktast og svare på spørsmål i saka.

Med venleg helsing

Lars Ottar Sagstad

Rådgjevar

Tlf 56 17 11 93

Plan- og byggesak

Alver kommune

Frekhaug Kommunehus, Havnevegen 41



Fra: kontor@hamm-kam.no <kontor@hamm-kam.no>

Sendt: onsdag 26. oktober 2022 19:23

Til: Lars Ottar Sagstad <lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no>

Kopi: 'Ole-Fredrik Fanebust' <ole_fanebust@hotmail.com>; 'Arild Bø' <arild@hamm-kam.no>

Emne: Tilbakemelding på referat frå førehandskonferanse, gbnr: 423/15

Hei!

Viser til førehandskonferanse for gbnr: 423/15.

Skal hjelpe tiltakshavarane med vidare arbeid/søknad.

Her var det litt å ta tak i.

Ynskjer å vise til føresegnene til kommuneplan for Radøy, delrevisjon 2019, §3.4.2 LNF-SBE.

Her står det att på Marøy er det bygd/godkjent per 01.05.19; 2 bustader, såleis står det 1 i rest per same dato.

Når det gjeld antal hus bygd på Marøy; Stian Marøy fekk rammeløyve for einebustad på 423/89 (ref. side 2 i vedlegg) den 03.09.2018, han er den siste av dei 2 som er godkjent per 01.05.19.

Den einaste huset som er bygd på Marøy etter dette er Jannicke Øvretveit (gbnr: 423/13), dette var det eg som var ansvarleg søkjar for, og dette var (og er) utanfor LNF-SBE i reint LNF område, då dette dreidde seg om hus nr. 2 på garden.

Altså ikkje frådelt bustadeigedom eller i det heile i same arealføremål, så om denne bustaden er telt med må det vere feilført.

Etter det eg kan telje meg fram til (så lenge det ikkje er nokon andre som har fått løyve til bygging av einebustad i mellomtida som eg ikkje kjenner til) så er det framleis 1 ledig bustad i LNF-SB.

Når det gjeld avstand til sjø:

I delrevisjon 2019 er det gjort mykje med arealgrensene for LNF-SBE, er ikkje desse og meint som ny grense for avstand til sjø?

Kan ikkje skjønne kvifor ein skulle gjere all denne jobben og dra desse grensene så langt inn i 100m beltet om ein likevell ikkje kan nytte dette arealet?

Bygningar på fleire av nabotomtane er og nærare sjø enn det som er tenkt her.

Frå siste avsnitt av referatet frå førehandskonferanse, under oppsummering; «Innmarksbeite»

I og med att eigedomen vert innanfor LNF-SBE har det vell ikkje noko å sei att det er på innmarksbeite eller ikkje?

Så er det ikkje nemnt noko om eit punkt det vart spurt om;

Avstand til driftsbygning, jf. 2 ledd i §3.4.2; «Det skal ikkje opprettast ny grunneigedom nærmare eksisterande driftsbygning enn 50 meter».

Her må det vell søkjast om dispensasjon reknar eg med?

Beste helsing

Marius Tenden



Org nr: 983 09 1539 MVA
Hella 60, 5936 Manger

Mob: 995 46 989